



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for samferdsle

**Møtedato:** 25.11.2014

---

**Sak nr.:** 11/6418-7

**Internt l.nr.:** 37723/14

**Sak:** 57/14

**Tittel:** **Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar.**

**Behandling:**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden vert ikkje imøtekomen. Søknaden om forskottering av planmidlar til utarbeiding av kommunedelplanar er ikkje i samsvar med fylkestinget sine retningslinjer for forskottering.

**Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti og Høgre og sette fram slikt framlegg til vedtak:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget om å gjere slikt vedtak**

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskottering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

**Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg:**

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskottering.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Høgre og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet fekk 5 røyster og vart vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak**

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskottering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane

vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.